



Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

NOREGS MÅLLAG

POST: Pb. 474 Sentrum, 0105 OSLO
KONTOR: Schweigaardsgt. 16
ORG.NR NO: 970 205 942 MVA
TLF: 23 00 29 30 | FAKS: 23 00 29 31
nm@nm.no | www.nm.no

Dykkar referanse:
201004428-/JMB

Vår referanse:
017/12-531 GME

Dato:
13. april 2012

Høyringsfråsegn til utkast til forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning

Barnehagen sin påverknad på språk og språkutvikling hjå born er stor, større enn dei fleste er medvitne om. Noregs Mållag har siste to åra arbeidd særleg med barnehagesektoren gjennom barnehagekampanjen "Gjennom ord blir verda stor" (www.nm.no/barnehage). Som del av kampanjen har sentrallekken vitja godt over 50 barnehagar og delteke på kommunale styrarmøte i over ti kommunar. Gjennom desse vitjingane har vi drøfta vilkår for språkutvikling, og særleg kva kjennskap og kopling borna har til nynorsk og dialekt, i samtalar med styrarar og tilsette i både nynorsk- og bokmålskommunar. Vi har også samtala med borna om språk i alle barnehagane vi har vitja.

Erfaringa vår frå dette arbeidet er at barnehagane er veldig dyktige på og medvitne om borna si språkutvikling generelt. Men samstundes er det mest total mangel på medvit rundt kjennskapen og koplinga borna har til nynorsk/bokmål, og i stor grad mangel på medvit og kunnskap om korleis borna kan møte og halde på lokal dialekt (lokalt nedervd talemål). Det er difor avgjerande at barnehagelærerutdanninga gjev framtidige tilsette i barnehagar medvit og kunnskap om:

- korleis møte med både nynorsk og bokmål i barnehagen, gjennom mellom anna lesing, song, rim og regler, gjev eit betre grunnlag for at borna seinare i skulen skal meistre både nynorsk og bokmål skriftleg
- korleis møte med nynorsk i barnehagen er særleg viktig for dei borna som seinare skal ha nynorsk som hovudmål i grunnskulen
- korleis samarbeid mellom barnehage og skule i skulekrinsar med nynorsk som opplæringsmål kan gjere borna tryggare i det framtidige hovudmålet
- korleis tidleg møte med nynorsk i barnehagen er viktig for at dei borna som seinare skal møte nynorsk som sidemål i skulen, skal få eit betre utgangspunkt for og haldning til opplæring i skriftleg sidemål
- korleis barnehagen påverkar borna sin bruk av talemål, og korleis barnehagen kan fremje ivaretaking av lokal dialekt (lokalt nedervd talemål)

Vi meiner at utkastet ikkje gjev eit klårt nok grunnlag for å sikre ei barnehagelærerutdanning som omfattar dei nemnde punkta. Vi har også lese framlegg til nasjonale retningsliner for barnehagelærerutdanning, og kan ikkje sjå at dei nemnde punkta er godt nok ivareteke i retningslinene heller.

Noregs Mållag meiner at det opphavlege framlegget frå rammeplanutvalet sitt punkt om meistring av norsk bør vere med i forskrifta (§2, Generell kompetanse)

[kandidaten] mestrer norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng

Noregs Mållag meiner det er viktig at dei nasjonale retningslinene særleg nemner at barnehagelæraren må kjenne til utfordringane til born som seinare skal ha nynorsk som hovudmål og utfordringane knytte til å det å ta vare på lokal dialekt.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Håvard B. Øvregård
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar